



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 02.05.2023
Møtestad: Kommunestyresalen, Flodmaal
Møtetid: 09:30 - 12:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	Meldt forfall

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	
Tonje Husum Aarland	Ass. rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
015/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste
016/2023	Godkjenning av møteprotokoll
017/2023	Referatsaker
018/2023	Orienteringssaker
019/2023	Tilstandsrapport 2022 - Sørfjorden barnevernsteneste
020/2023	Samarbeidsavtale for IUA region Bergen KOF
021/2023	Framdrift - revidering av Strategisk næringsplan

Notat frå møtet:

015/2023: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

016/2023: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

017/2023: Referatsaker

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

018/2023: Orienteringssaker

Behandling:

Ordførar orienterte kort om dei vedlagte sakene.

Formannskapet drøfta tilbakesvar til Skyss og VLF om skuleskyss og behov for tilrettelegging knytt til korrespondanse for elevar og andre som skal til Knarvik/Bergen og Voss/Dale. I januar 2023 ble det sendt innspel til endringar til skyssrutene, og ein kan minne om dette og dei behova skuleelevane har. Det vil vere viktig etter kvart å koble på Ungdomsrådet inn i vurderingar av behov for endringar

knytt til skuleskyssrutene.

Rådmann orienterte kort om gjennomgang av rutinar og ROS ved Bryggjeslottet.
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

019/2023: Tilstandsrapport 2022 - Sjørfjorden barnevernsteneste

Behandling:

Administrasjonen orienterte om tilstandsrapport 2022 for Sjørfjorden barnevernsteneste.
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Formannskapet tek tilstandsrapport for barnevern 2022 til orientering.

020/2023: Samarbeidsavtale for IUA region Bergen KOF

Behandling:

Ordfører og rådmann orienterte kort om bakgrunn for saka.
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune vedtek samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forureining - Bergen region kommunalt oppgåvefelleskap

021/2023: Framdrift - revidering av Strategisk næringsplan

Behandling:

Ordfører, rådmann og ass.rådmann orienterte om framdrift med revidering av SNP og aktuelle drøftingar i arbeidsgruppa.

Det er planlagt felles samling for næringslivet 30. mai, og rammeprogram vert annonsert og næringslivsaktørane vil få invitasjon på e-post.

Det er elles vurdering kring når revidering av planen bør handsamast i formannskapet og kommunestyret mtp. kommuneval og ny periode. Arbeidsgruppa vurderer dette vidare og tek opp att drøftinga i neste møte i formannskapet.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Formannskapet tek statusorientering om revidering av Strategisk næringsplan til orientering.
